



Gro Anette Fanebust
Gjervika 38
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/802 - 18/36606

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2018

Ferdigattest tilbygg - gbnr 188/671 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 662/18

Tiltakshavar: Gro Anette Fanebust

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak datert 16.10.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.12.2018.

Skildring

Adresse:	Gjervika 38
Bygningstiltak:	Tilbygg horisontaldelt tomannsbustad
Bygningsnummer:	19240525-1
Bruksareal:	35m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg tomannsbustad på gbnr 188/671.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/802

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Gro Anette Fanebust

Gjervika 38

5914

ISDALSTØ